



EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE IL SKARPHEDIN

Torsdag 4.januar 2018 kl. 19:00 Telemarkshallen

PROTOKOLL

1. Opning

Leiar Brynjulv Eika opna møtet.

2. Godkjenning av røysteføre

Det møtte 14 medlemmer på årsmøtet. Årsmøtet var dermed vedtaksført.

3. Godkjenning av innkalling og sakliste

Ingen merknadar til innkalling og sakliste. Innkalling og sakliste godkjent.

4. Konstituering

Ordstyrar: Brynjulv Eika

Underskrive protokollen: Ingebjørg Momrak og Kjell Øystein Haugen

5. IL Skarphedin fotballgruppe sitt kjøp av Telemarkshallen

Ordstyrar gjekk igjennom saksdokumentasjon og svara på spørsmål frå dei frammøtte medlemmene.

Den økonomiske gjennomgangen viste at det er behov for lånefinansiering til rehabilitering av kunstgrasdekket som er planlagt utført ila 2018. Det kom derfor forslag om å utvide fullmakta til låneopptaket til «inntil kr 3.000.000» frå kr 1.700.000 for å ta høgde for dette. Årsmøtet valde å handsame dette som endring av saklista med krav til godkjenning av minimum 2/3 av dei frammøtte røysteføre.

Årsmøtet godkjente denne endringa med 12 mot 2 stemmer.

Årsmøtet gjorde deretter følgjande vedtak med 12 mot 2 stemmer:

IL Skarphedin godkjenner at IL Skarphedin fotballgruppe kjøper Telemarkshallen av Telemarkshallen AS slik dette kjem fram av «Avtale om kjøp av næringseiendom» av 1.des 2017. IL Skarphedin godkjenner samstundes at IL Skarphedin fotballgruppe tar opp lån på inntil kr 3.000.000 for finansiering av kjøpesum kr 1.700.000 og etablering av nytt kunstgrasdekke i Telemarkshallen. Telemarkshallen kan stillast som panteobjekt for lånet.

Protokollen er godkjent: